

Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 16. juni 2025 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til: Aidan Conti (undervisningskoordinator), Anne Beate Maurset (allmenn litteraturvitskap), Alinta Krauth (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ingvild Nistov (norsk som andrespråk), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Pär Sandin (klassisk), Marianne van Baar (Norskkursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Henning Laugerud (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Aline Pena Gill, Synnøve Aukan Meisingset, Sandra Sandnes (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Studieadministrasjonen ved LLE stiller som observatørar.

Saksliste

UUI-sak 7/25: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat	1
UUI-sak 8/25: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar	1
Orienteringssak 2: Rapport frå Studiekvalitetskomiteen	1
Orienteringssak 3: Vedtaksmyndigheit og framdrift for arbeid med fellesemne og emnepakkar i Studieporteføljeprojektet	2
Orienteringssak 4: Midlar til undervisningsassistentar hausten 2025	2
Orienteringssak 5: Frist for emneplanendringar	2
UUI-sak 9/25: Ymist	2

UUI-sak 7/25: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Vedlegg: Referat frå møtet 7. april

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat

UUI-sak 8/25: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Kvar representant får 3 minutt. Det er fint om de informerer om framdrift i utvikling av fellesemne og eventuelle samarbeid om emnepakkar.

Orienteringssak 2: Rapport frå Studiekvalitetskomiteen

Vedlegg: rapporten og kommentar frå undervisningskoordinator til rapporten.

Vi har i år hatt programevalueringar av følgjande program:

Bachelorprogrammet i nordisk språk og litteratur
Bachelorprogrammet i norrøn filologi
Bachelorprogrammet i norsk som andrespråk
Bachelorprogrammet i språkvitskap
Masterprogrammet i nordisk språk og litteratur
Masterprogrammet i norrøn filologi
Masterprogrammet i lingvistik

Studie kvalitetskomiteen tilrådte reakkreditering av alle programma unntatt dei i nordisk språk og litteratur. Komiteen fann at fagmiljøet ikkje synleggjorde studie kvalitetsarbeidet sitt godt nok i rapportane, og tilrådte at rapportane blir omarbeidde og leverte på nytt i neste runde om eitt år. Då skal også lektorprogrammet i nordisk evaluerast.

Aidan orienterer.

Orienteringssak 3: Vedtaksmyndigheit og framdrift for arbeid med fellesemne og emnepakkar i Studieporteføljeprojektet

Vedlegg: Brev frå fakultetssekretariatet, retningslinjer for emnepakkar og mal for emnepakkar.

Fakultetssekretariatet har sendt ut informasjon om vedtaksmyndigheit og framdrift for arbeid med fellesemne og emnepakkar i Studieporteføljeprojektet. Det er fint om de set dykk inn i dette og tar det med i utviklingsarbeidet.

Aidan orienterer.

Orienteringssak 4: Midlar til undervisningsassistentar hausten 2025

Signe har sendt ut e-post med søknadsskjema om midlar til undervisningsassistentar for hausten 2025. Frist for innsending er 30. juni, og reglane er som vanleg at det skal vere studentar under utdanning som vert nytta som undervisningsassistentar – fortrinnsvis masterstudentar (altså ikkje studentar som har fullført mastergrad). Dette for å kunne tilby relevant arbeidserfaring til eigne studentar, og for å sikre god ressursutnytting.

Orienteringssak 5: Frist for emneplanendingar

Instituttet har fått frist til å melde inn emneplanendingar som gjeld frå og med våren 2026. EpN er no ope, og instituttets frist for å melde inn, er 1. september. Fagmiljøa får frist til å melde inn 17. august. Då må òg vedtak frå programstyre vere fatta.

UUI-sak 9/25: Ymist